

Referat frå soknerådsmøte onsdag 28/2-24, kl. 17-19.30 på Solhaug.

Tilstades: Stian Holte, Katrine Burmester, Hilde Roksund, Nils Steinar Stavsholt, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen, Carina Syvertsen Pedersen, Marie H. Nordli, Mona Halsvik.

Meldt fravær: Ragnhild Halden.

Sak 12/24: Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkallinga vart godkjend.

Sak 13/24: Godkjenning av referat.

Vedtak: Referat frå møte 17/1-24 vart godkjend.

Sak 14/24: Informasjonssak:

Fidus. Misjonsprosjekt- Leiaren i Holla og Helgen sokneråd har spurt om det kan vere aktuelt med felles misjonsprosjekt frå 2025. Har alle komen inn i «kirka vår» på nett? Viser til e-post frå Mona 26/11. Info ang supertorsdag. Samt anna informasjon.

- Katrine informerte litt om status for Fidus. Det går greit. Har vore Fidus 3 gonger i år, - fredag annankvar veke, siste gong ca 30 ungdomar. Vil gjerne at trosopplærar deltek på Fidus, med ønske om å formidle noko av det vi står for. Ulefoss har åpen klubb hver fredag. Planlegge evaluering saman med Ulefoss.
- Stian informerte om mulig aktuell temakveld 11.mars 2024 i Ulefoss v/Paulina Vårli, med tema Ungdom og Rus, for dei som arbeider/er frivillige på aktivitetar med barn og ungdom. Ved ønske om å delta, gi beskjed til Mona.
- Alle har ikkje kome inn på nett i «Kirka vår» enda, men vil prøve å kome inn.
- Gudstjeneste/familiesamling med middag torsdag 21.03.2024 kl.17:00 på Solhaug. Guri Tremyr, Inger Synnøve Røddesnes og Alem Edecha vil hjelpe til med å lage Taco denne kvelden, oppvask, samt litt pynting. Opplegg ellers blir ivaretatt av Solhaugstyret og presten
- Fasteaksjon 19.03.2024. Stian, Hilde og Jostein er ansvarlege. Konfirmantar og foreldre er med på innsamlinga, men det trengs fleire sjåførar og innsamlarar. Marie blir med som sjåfør. Forslag om 2-årig avtale om å bli med for konfirmantar? Tidlegare år hadde ein også hjelp frå Fidus.
- Når det gjeld feiring av 17.mai i år, er det litt forskjellige synspunkt på korleis ein vil gjennomføre dagen. Dette vil bli tatt opp igjen på neste møte 13.03.2024 og tatt stilling til da. Ragnhild kan delta på 1 arrangement i løpet av dagen.
- Mona informerte om Supertorsdag. Dorota Rybka-Giers har ansvar for Supertorsdag i eit vikariat fram til sommaren. Mona held kontakten med henne. Dorota har søkt Trusopplærar- og ungdomsarbeiderstillinga, ho er den einaste søker til denne stillinga. Ho vil bli innkalla til intervju. Stian og Katrine vil være med på intervjuet.

Sak 15/24: Førebu årsmøte.

Sjå gjennom/godkjenne innkomne rekneskap og årsmeldingar.

Vedtak: Soknerådet godkjenner rekneskap og årsmeldingar som det er, og sender det vidare til årsmøtet for endeleg godkjenning. Mangla rekneskapet for Solhaug.

Sak 16/24: Arbeidsutvalg for soknerådet.

Ønske frå leiar om å opprette eit enkelt arbeidsutvalg for soknerådet.

Vedtak: Arbeidsutvalg for soknerådet vil vere Stian, Katrine og Nils Steinar.

Sak 17/24: Fortsette med aktivitetsdag på Solhaug?

Aktivitetsdag 2023 fungerte veldig bra, og det var mange som deltok.

Vedtak: Sokneråd og stab vil samarbeide om gjennomføring av aktivitetsdag 2024.

Sak 18/24: Oppfølging av Solhaugsstyret/drifta av Solhaug.

Behov for tettare oppfølging av Solhaugsstyret/drifta av Solhaug grunna få personar att som drar lasset der.

Vedtak: Saken utsetjast.

Sak 19/24: kyrkjelydsbladet: Kvar går vegen vidare?

Vedtak: Saken utsetjast.

Sak 20/24: Kven er me og kva vil me?

Tankar/målsettingar for vår 4 års- periode i soknerådet

Vedtak: Saken utsetjast.

Sak 21/24: Eventuelt

Møtet vart avslutta med bønna «Fader vår» leia av Katrine.

Neste møte: Onsdag 13/3-24, kl. 17-19 på Solhaug

Skrivar Marie H. Nordli, Lunde 29/2-24